

---

**Fra:** Eilin Houlison Molvik  
**Sendt:** fredag 26. juli 2019 08:50  
**Til:** 'kr@aabf.no'; 'kjell@reigstadbygg.no'; 'post@reigstadbygg.no'  
**Emne:** Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/66 Alver - 10  
mannsbustad  
**Vedlegg:** Dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av ny avkøyrse - gbnr  
1....pdf; Dispensasjon for plassering av støyskjerm - gbnr 13745 Alver  
(579050).pdf

Til Kristine Rørlie og Kjell Regstad

Vi har prøvd å komme i telefonisk kontakt med SØK nå nettopp.

Vi holder på med søknad om etablering av 10-mannsbustad på eigedom gbnr. 137/66 innan reg.plan Kubbaleitet, vår referanse 19/2059.

Det er søkt om løyve til tiltak i eittrinn.

Ved gjennomgang av søknad er det avdekka at rekkefølgekrav i føresegna § 3.5 om støytiltak ikkje er fulgt opp. Eigedom gbnr. 137/45 har søkt om og fått dispensasjon på vilkår for å etablere støyskjerm, støyskjermen er søknadspliktig grunna sitt omfang. Vi har per dags dato ikkje motteke søknad om etablering av støyskjermen. Det er og for same eigedom søkt og gjeve dispensasjon og løyve til å flytte og etablere ny avkøyrse, vedtaka ligg ved.

Rekkefølgekravet krev at før det kan gjevast igangsettingsløyve til bustadbygging innan reguleringsplanen så skal støytiltak mot gnr. 137 bnr. 45, 48, 53 og 739 vere etablert. Støytiltak mot gbnr. 137/48, 53 og 739 er handsama gjennom søknad om etablering av teknisk infrastruktur inn og i delar av reg.plan Kubbaleitet. Ved handsaming av dei to 4-mannsbustadane som i dag ligg på gbnr. 137/817 vart dette ikkje fanga opp av kommunen.

Saka er i det vesentlege klar for handsaming, som det går fram av rekkefølgekrav kan vi ikkje gje løyve i eittrinn før støytiltak mot gbnr. 137/45 er etablert, vi legg til grunn at støytiltak mot øvrige eigedomar er etablert.

Vi ber om attendemelding på om de ønskjer å dele opp søknaden.

Vi kan gje rammeløyve til tiltak i påvente av at støytiltak er ferdigetablert ved søknad om igangsetting.

Vi ber om at attendemelding vert sendt til postmottak, gjerne med kopi til undertekna.

**Med helsing**

**Eilin H. Molvik** | rådgjevar byggesak

**E-post:** [eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no](mailto:eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 54 78  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.